



VINDAFJORD KOMMUNE

Det Kongelige Olje- og energidepartement
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 03.02.2011

Vår ref: 11/1965

Dykkar ref: 10/01381-12

Arkiv: K1-

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 1970 - 175	
DATO - 7 FEB 2011	
AN	ERLP

NY LOV OM ELSERTIFIKAT - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Det vert vist til Dykkar skriv datert 08.12.10 med oversending av forslag til ny lov om elsertifikat ut på høyring.


Vindafjord formannskap handsama interpellasjon om denne saka i møte 25.01.11 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

Vindafjord kommune vil såleis på det sterkaste oppmoda Stortinget om at all fornybar energiutbygging påbegynt etter 1.1.2004 må koma inn under den svensk-norske ordninga med elsertifikat når det tilsende lovutkastet skal bli handsama og vedteke.

Subsidiært: I alle høve bør det stå "igangsatt" i lovteksten, då det kan vera vanskeleg å definera "påbegynt".

Kopi av interpellasjonen ligg ved.

Med helsing


Magne Inge Vårvik

Konsulent politisk sekretariat

Vedlegg.

Kopi: Småkraftforeninga

INTERPELLASJON

Åsmund Kalstveit for Sp har i e-post datert 20.01.11 sendt inn fylgjande interpellasjon til møte i formannskapet 25.01.11:

Lovnadane om tilbakeverkande kraft for elsertifikat for fornybar energi må haldast.

Vindafjord formannskap har fått tilsend høyringsutkast for Lov om elsertifikat og vil med dette avgi følgjande uttale:

Vindafjord kommune ser på regjeringa si varsla satsing på fornybar energi som fornuftig og nødvendig og er samd med regjeringa om at ei ordning med ein sams svensk- norsk sertifikatmarknad vil vera eit godt grunnlag for ei slik satsing.

I Vindafjord kommune har vi gode tilhøve for utbygging av fornybar energi, og det er bygd, eller er under bygging i alt 20 mikro-, mini- og småkraftverk med samla produksjon på om lag 100 GWh årleg. Når det gjeld vindkraft er det send melding til NVE om 2 prosjekt med årleg produksjon rekna til 385 GWh.

I følgje Småkraftforeninga sin historikk om skiftande regjeringar sitt arbeid med elsertifikatordninga, (sjå vedlegg) har potensielle utbyggjarar hatt skjellig grunn til å tru at alle anlegg sett i drift etter 1.1.2004 skulle komma med i ordninga. Vindafjord kommune deler i så måte utbyggjarane sitt vonbrot ved å sjå at i lovforslaget er det berre anlegg under 1 MW installert effekt som er rekna med i denne tilbakeverknaden, og at ordninga elles berre skal gjelda for anlegg "påbegynt" etter 7.09.2009". I alle høve bør det stå "igangsatt" i lovteksten, då det kan vera vanskeleg å definera "påbegynt".

For Vindafjord sin del er det 5 kraftverk med installert effekt over 1 MW som er bygde eller påbegynt mellom 1.1.2004 og 7.09.2009. Trass i lovnadane vil såleis ikkje desse koma med i elsertifikatordninga om det tilsende lovforslaget skulle verta vedteke. I alt dreier det seg om utbyggingar med samla effekt på 22MW og med samla utbyggingskostnader på 227mill. NOK.

Over dei 15 åra ordninga er tenkt å gjelda for kvart einskild kraftverk, vil tapte inntekter for desse utbyggjarane utgjera nærare 200 mill.NOK. Kommunen ser på dette som eit stort tap for den lokale verdiskapinga og for kommunen. Frå somme utbyggjarar er det kome signaler om at ein i verste fall må avhenda anlegga om desse inntektene uteblir. Stoda er forverra av at investeringskostnadane er blitt høgare som følgje av press i utstyrsmarknaden etter sertifikatlovnadane er blitt framsette og at utbyggjarane det gjeld faktisk vil koma dårlegare ut etter innføringa av sertifikater, grunna forventa lågare spotpris med den auka produksjonen. Kommunen er og gjort kjend med utrekningar som viser at om kraftproduksjonen aukar med inntil 10% som følgje av satsinga er det rekna at prisen i marknaden vil gå ned tilsvarande utgiftene til sertifikata, slik at forbrukarane på sikt vil merke lite til dette.

Vindafjord kommune vil såleis på det sterkaste oppmoda Regjeringa og Stortinget om at all fornybar energiutbygging påbegynt etter 1.1.2004 må koma inn under den svensk-norske ordninga med elsertifikat når det tilsende lovutkastet skal bli handsama og vedteke.

VEDTAK SAMRØYSTES:

Vindafjord kommune vil såleis på det sterkaste oppmoda Stortinget om at all fornybar energiutbygging påbegynt etter 1.1.2004 må koma inn under den svensk-norske ordninga med elsertifikat når det tilsende lovutkastet skal bli handsama og vedteke.

Subsidiært: I alle høve bør det stå "igangsatt" i lovteksten, då det kan vera vanskeleg å definera "påbegynt".